

REFERAT FRÅ VÅRMØTE 2010, TELEMAR

STAD/DATO : Skei, 20. mai 2010

TIL STADES : Oddvin Myklebust (IL Vetten), Arne Monrad Johnsen (Syril IL), Frode Vagstad (Syril IL), Egil Johannes Vangsnes (Syril IL), Marino J. Ask (Sogndal IL), Amund S. Tomasgard (Hornindal IL), Iver Olav Krohn (NSF), Yngve Thorsen (SFSK) og Inge Fænn (SFSK, deltok i møte innleiingsvis)

REFERENT : Yngve Thorsen (Sogn og Fjordane Skikrins)

SAKLISTE

Sak 01 **Vel møtt, presentasjon og innleing v/ Yngve Thorsen**
Sak 02 **Orientering om NM Telemark v/ Arne Monrad Johnsen**
Sak 03 **Informasjon frå Norges Skiforbund v/ Iver Olav Krohn**
Sak 04 **Etablering av utval for telemark – Sogn og Fjordane Skikrins**
Sak 05 **Terminliste, andre oppgaver for utvalet**
Sak 06 **Oppsummering, vegen vidare.....!**

Sak 01

Vel møtt, presentasjon og innleing v/ Yngve Thorsen

Som innleiing til møte orienterte adm. sjef i Sogn og Fjordane Skikrins på følgjande punkt:

Føremål med møte:

- skape ein felles møteplass for telemarksporten i fylket
- nødvendig med ein tettare dialog mellom telemarkmiljøa og skikrinsen
- etablere faste møteplassar for erfaring og kompetanseutveksling gjennom Sogn og Fjordane Skikrins sine Vår- og Haustmøter
- bli einige om korleis ein saman kan arbeide vidare for å utvikle telemarksporten i fylket

Telemark som aktivitet i Sogn og Fjordane:

- telemark har etter kvart ei lang historie som konkurranseidrett i fylket
- dei seinare åra har det vokse fram gode miljø spesielt innan fjell-telemark
- registrerar også ei gryande interesse for racing-telemark
- det blir årleg arrangert ei rekkje renn rundt om i fylket:
 - Tinderittet
 - Sognefjordrennet/ NM Telemark og NM telemark ssl (Syril IL/ Hafslo IL)
 - Kjeringi Open
 - Nakkjen Ned
 - Høgenibba Ned
 - Langhamrane Ned, Tea løpet
 - Arrangement i samband med Fjellsportfestivalen
 - Heggmyri Rett Ned

- renna blir gjennomført med god deltaking
- mange dyktige arrangører med erfaring og god arrangementteknisk kompetanse
- fleire av renna blir ikkje approbert gjennom terminlista til krets/ forbund
- nokre av renna blir gjennomført utan nokon organisatorisk knyting til idretten

Idrettsregistreringa pr. 31.12.2009:

- Fanaråk IL: 156 aktive medlemmer
- Hornindal IL: 76 aktive medlemmer
- Modig IL: 7 aktive medlemmer
- Syril IL: 95 aktive medlemmer
- IL Vetem: 58 aktive medlemmer
- Sogndal IL: 0 aktive medlemmer

Totalt 392 aktive medlemmer pr. 31.12.2009
(Kjelde Idrettsregistreringa pr. 31.12.2009)

Sak 02

Orientering om NM Telemark v/ Arne Monrad Johnsen

Arne Monrad Johnsen orienterte om NM Telemark 2010:

- videoframsying frå arrangementa på Leikanger og Hafslø
- arrangementteknisk gjennomføring/ erfaringar
- samarbeidet med Hafslø IL
- løype og bakketilhøve
- markedsarbeid
- dugnadsarbeid

Sak 03

Informasjon frå Norges Skiforbund v/ Iver Olav Krohn

Iver Olav Krohn (nestleiar i telemarkkomiteen i Norges Skiforbund) orienterte på følgjande punkt:

Organisering:

- Telemarkkomiteen i Norges Skiforbund (NSF TK) ynskjer at den aktive telemarksporten i Sogn og Fjordane blir organisert gjennom eit utval eller komitè innanfor Sogn og Fjordane Skikrins sin organisasjon.

Regionsatsing:

- NSF TK har etablert ei regionsatsing – 3 regionar
- Intensjonen er å etablere fleire regionsatsingar, men økonomien avgrensar denne satsinga pr. i dag

Arrangement/ terminliste:

- skiforbundet vil truleg leggje opp til fleire rennfrie helgar m.o.t. norges cup`en kommande sesong
- framlegg til rammer for terminliste skal drøftast i samband med Vår møte 2010

Teknisk Delegert (TD):

- krav til arrangement
- TD - kompetanse
- tal godkjende TD`ar i Sogn og Fjordane

Utdanning/ kompetanseutvikling

- TD-kurs
- Trenarkurs

Sak 04

Etablering av utval for telemark – Sogn og Fjordane Skikrins

Vårmøte fremmar forslag til Skikrinsstyret om etablering av eit eige utval for telemark i Sogn og Fjordane Skikrins.

Vårmøte kjem med følgjande framlegg til utval:

- Egil Johannes Vangsnes (Syril IL), leiar
- Amund Sverre Tomasgard (Hornindal IL), medlem
- Frode Vagstad (Syril IL), medlem

Leiar i utvalet kan evt. møte i Skikrinsstyret som observatør med talerett.

Saka blir handsama i samband med neste møte i Skikrinsstyret.

Sak 05

Terminliste, andre oppgåver for utvalet

Vårmøte ynskjer at utvalet skal utføre følgjande oppgåver på vegne av telemarkgruppene i Sogn og Fjordane:

- setje i verk og slutføre arbeidet med terminlisteoppsett sesongen 2010/2011
- leggje fram forslag til terminliste i samband med Haustmøte 2010
- sikre utdanning av nye TD`ar i samarbeid med NSF TK
- sikre utdanning av nye trenarar i telemark
- vurdere etablering av ei krinslagssatsing

Sak 06

Oppsummering, vegen vidare.....!

Med atterhald om at Skikrinsstyret godkjenner etableringa av utvalet blir det kalla inn til møte i utvalet i etterkant av NSF TK sitt Vårmøte 10.-11. juni 2010.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef/ ref.